



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Kystvegkonferansen 2015

Kystvegen Ålesund - Bergen

Fylkesordfører Åshild Kjelsnes, AP Sogn og Fjordane

Skisseprosjekt Måløy - Florø


- Planlagt som ein kystriksveg
- Vegstandard etter handbok 017 med dimensjoneringsklasse S1 (gjeld for stamvegar og andre hovudvegar med ÅDT under 12000 og dimensjonerande fart 60 km/t.)
- Aktuelle parsellar
 - Måløy – kort ferje over Ytre Nordfjord (er også utgreidd med brukryssing)
 - Sørдалvatnet – Svelgen
 - Svelgen – bru Indrehus
 - Bru Indrehus – Haukå (alternativt ny veg Indrehus – Haukå)



Kystvegen Måløy - Florø

Fylkesutvalet 29.10.2008, sak 116/08

1. Skisseprosjektet Kystvegen Florø – Måløy vert å vurdere vidare som innspel til arbeidet med handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2010 – 2013 (19), som del av Kystvegen Bergen – Ålesund.
2. Fylgjande forhold må utgreiast nærare:
 - a. Det må gjennomførast ei meir detaljert vurdering av trafikkprognosane for å få avklart om det er grunnlag for å innføre bompengefinansiering på dei aktuelle parsellane, jf. Statens vegvesen sine merknader til saka. Det må utarbeidast ei analyse med t.d. regional transportmodell eller tilsvarande der endringar i vegnett og anna infrastruktur vert lagt inn.
 - b. Det må avklarast om det er aktuelt med ekstraordinær statleg finansiering i form av næringsutviklingspakke.



45-minuttsregionen, bompengefinansiering av Kystvegen

FT-sak 32/11 / 07.06.2011

1. Fylkestinget ser det som svært viktig å få realisert 45 - minuttregionen som ein del av Kystvegen mellom Bergen og Ålesund.
2. Fylkestinget gjev difor tilslutning til at det kan nyttast brukarbetaling som minst utgjør 50 % til å finansiere vegstrekket Florø – Måløy. Eigenbetalinga vert endelege fastsett når søknad om godkjenning av bompenge og plan for fullfinansiering ligg føre.
3. Fylkestinget ber bompengeselskapet om i samråd med fylkesrådmannen og fylkesutvalet å arbeide fram ei pakke for alternativ fullfinansiering av prosjektet. Alle alternativ, også OPS (Offentleg og Privat Samarbeid), skal være ein del av dei alternativa som blir vurdert.
4. Fylkestinget vil ta stilling til fylkeskommunal medfinansiering i samband med rulleringa av Handlingsprogrammet.



Finansiering av Kystvegen

1. Hovudutval for samferdsle tek vurderinga om mogleg finansiering av Kystvegen til vitande.
2. Hovudutval for samferdsle ber om at mogleg bidrag frå ferjeavløysing frå Måløy – Oldeide og Stårheim – Isane blir vurdert i samband med ei framtidig sak til fylkestinget om ferjeavløysingsmidlar.
3. Utgreiingane i denne saka vert sendt til orientering til Eid, Vågsøy og Bremanger kommunar.
4. Ved ei framtidig sak om ferjeavløysingsmidlar skal desse kommunane, og andre kommunar med ferjeavløysingsprosjekt verte involvert.
5. Val av konsept for kryssing av Ytre Nordfjord vil verte vurdert når utgreiingane ligg føre.



NTP og Kystvegen

I samband med handsaminga av
Nasjonal transportplan 2014 – 23
vedtok fylkestinget m.a. følgjande
fråsegn i sak 28/12:


*«Fylkestinget vil arbeide for at
Kystvegen Ålesund – Bergen skal
realiserast som eit spleiselag med
statleg medverknad»*



RTP og Kystvegen

FT, sak 43/13 :

- Svelgen – Indrehus og ferjesambandet/bru Rugsund – Vemmelsvik er ein del av Kystvegen/45 minuttregionen. Fylkestinget ber om eiga sak der følgjande moment skal vere med i vurderinga:
 - Ferjeavløysingsmidlar Måløy – Oldeide og Stårheim – Isane
 - Brukarfinansiering/bompengar av strekninga.
 - Statleg løyving på minst 200 mill. kr.



Kystvegen i handlingsprogram til RTP

- 9 prosjekt på marginallista for investeringsprosjekt til ein kostnad på 3,3 mrd. 2013-kr.
- 2 av desse prosjekta er prosjekt på Kystvegen:
 - Fv. 616 Svelgen – Indrehus
 - Nytt ferjesamband mellom Rugsundøy og Vemmelsvik

Alle kostnader i mill. 2013-kr

	Prosjekt/Tiltak	Kostnads overslag	Status
1.	Fv. 616 Svelgen - Indrehus	635	Ein del av kystvegen/45-minuttsregionen regionvegpakke.
2.	Fv. 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet	970	Fjaler kommune og Gaular kommune: Kan delast i fleire delprosjekt. Delvis bompengefinansiering kan bli aktuelt.
3.	Fv. 60 Grodås – Møre grense	241	Hornindal kommune: Godkjent kommunedelplan. Ferdig reguleringsplan i 2014.
4.	Ferjesamband Rugsundøy – Vemmelsvik		Ein del av Kystvegen/45-minuttsregionen regionvegpakke
5.	Fv. 55 Tronvika – Ulvåna	450	Høyanger kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 55. Kan delast opp i fleire mindre prosjekt
6.	Fv. 55 Høyheimsvik – Nes	165	Luster kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 55.
7.	Fv. 303 Seimsdals tunnelen	93	Årdal kommune: Fleire tiltak er aktuelle. Utbetring av dagens tunnel – ny tunnel. Kostnad vil avhenge av ambisjonsnivå (93 – 320 mill. kr), fylkestinget sin intensjon er å legge til rette for ein trygg veg.
8.	Fv. 615 Sandane - Storebru	800	Gloppen kommune og Flora kommune: Tiltak prioritert i rapport fv. 615. Kan delast opp i fleire mindre prosjekt. Tiltak prioritert i rapport fv. 615 vert vurdert i samband med mindre investeringsprosjekt.
9.	Rørvikfjellet		

Tabell 9: Prioritert oversikt over aktuelle nye store investeringsprosjekt.

RTP – analyse og utfordringsdokument

Ved kysten er det bygd veg mellom Værlandet og Bulandet i Askvoll, og øyane i Ytre Gulen har fått fastlands-samband.

Andre byggetrinn av fastlands-sambandet til Bremanger stod ferdig i 2013. Det same gjer Dalsfjord-sambandet.

Dette er viktige veglenkjer i det som kommunane langs kysten omtalar som Kystvegen.



Planleggingsprogram 2015 – 17

Fylkestingssak 19/14 den 11.06.14

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegget, med følgjande endring:
FV 615: Tiltak: Vi går ikkje vidare med kommunedelplan no, då finansiering av tiltaket ligg langt fram i tid sidan prosjektet står på 8. plass på prioriteringslista. Det må derfor gjerast vedlikehaldstiltak og eventuelt utbetringar utifrå prioriteringslista som Statens Vegvesen har gjort på strekninga.
2. Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.
3. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet får fylgjande tillegg nedst under store prosjekt:

Status pr 1.5.2014

Gjort prinsippvedtak i fylkestinget om å støtte prinsippet om å byggje ut Kystvegen Ålesund - Bergen. Det er også gjort fleire delutgreiingar. Manglar ei overordna og samordna utgreiing, samt plan for kystvegen frå Florø og sørover til Hordaland grense.

Tiltak


Administrasjonen kjem attende med eit notat i 2014 som avklarar ambisjonsnivå for ei utgreiing. Utgreiinga skal samordne det arbeidet som er gjort frå Florø og nordover og vurdere trase frå Florø og gjennom HAFS. Utgreiinga skal danne grunnlag for revisjon av RTP.

Kystvegen – utgreiingar og planprosess

I møte den 25.11.2014 vedtok hovudutval for samferdsle at følgjande ambisjonsnivå skal leggjast til grunn for ei utgreiing om Kystvegen mellom Ålesund og Bergen:

A. Utgreiingstema:

- Veg sin funksjon og standard
 - Veg sin føremål og funksjonsklasse
 - Vegstandard
 - Transportmodell
 - Verknader
- Tiltak på delstrekningar
 - Nord for Nordfjorden
 - Strekninga rv. 5– Sløvåg
- Kostnadsoverslag



Kystvegen – utgreiingar og planprosess

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

1. Nord for Nordfjorden

a) Fv. 61 Maurstad – Naveosen, utbetring av eksisterande veg, ev. gang- og sykkelveg.

2. 45 minuttsregionen Måløy Florø. Planarbeid og rapportar utarbeida av 45 minuttsregionen og kommunane, vert vurdert av Statens Vegvesen, som alternativ til nye utgreiingar

a) Måløy – Svelgen

b) Svelgen – Indrehus

c) Indrehus – rv.5.

3. Rv. 5 Førdefjorden. Kommunane vert førespurd om vurderte alternativ

a) Nytte rv. 5

b) Ny veg sørover frå rv. 5.

c) Utbetring av eksisterande fv. 542 og 611. Vurdere eventuell innkorting av vegen mellom Eikefjord og Redal.

d) Vurdere aktuelle stader for kryssing av Førdefjorden

Kystvegen – utgreiingar og planprosess

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

4. Førdefjorden – Dalsfjorden

- a. Utbetring av eksisterande veg. Mellom Askvoll og Stongfjorden kan tidlegare rapport frå 2012 leggest til grunn
- b. Vurdere hensiktsmessig innkorting mellom sørsida av Førdefjorden (frå anbefalt kryssingspunkt) og Otterstein.

5. Dalsfjorden – Sognefjorden

- a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
- b. Vurdere ei fjordkryssing over Sognefjorden som inkluderer fastlandssamband for Solund og slik gjere Kystvegen ferjefri. Dette skal utgreiast med fylkesvegstandard, og skal ikkje vere i konkurranse til E39.

6. Sognefjorden – Fensfjorden (Sløvåg)

- a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar

Ferjeavløysing

I Prop. 121 S (2014-2015) Kommuneproposisjonen 2016 la regjeringa fram forslag til ei ferjeavløysingsordning i inntektssystemet for framtidige prosjekt. I kap. 8.1.2 er ordninga omtalt:

- *En slik justering er det også i dagens ordning for riksveiferjeprosjekter. Ferjeavløsningsbeløpet trekkes deretter ut av innbyggertilskuddet og legges i tabell C med en særskilt fordeling til den aktuelle fylkeskommunen i inntil 30 år eller gjeldende periode for riksveiferjeprosjekter.*
- *Den enkelte fylkeskommune skal i sum ikke kompenseres for mer enn kostnaden ved prosjektet som erstatter det nedlagte sambandet. Denne løsningen vil være parallell med dagens ordning for riksveiprojekter.*
- *I praksis innebærer ordningen at fylkeskommunene med ferjeavløsningsprosjekter ikke taper i inntektssystemet når det bygges en bro eller en tunnel, men at disse midlene inngår som et bidrag i finansieringen.*
- *For å forenkle ordningen foreslås det at beløpet «fryses» i hele perioden, i stedet for å varsle endringer ved jevnlige, ordinære gjennomganger av inntektssystemet eller ved endringer i kriteriedata. Samferdselsdepartementet vil administrere ferjeavløsningsordningen og vurdere hvilke prosjekter som skal inkluderes.*



Ferjeavløysing

- I kommuneproposisjonen 2015 vart det innført ei ferjeavløysingsordning for fylkesvegane som samsvarar med ordninga på riksvegane. Dette inneber at ved ferjeavløysingsprosjekt vil den aktuelle fylkeskommunen få refundert innspart ferjetilskot i inn til 40 år etter avvikling av ferja.
- Aktuelt ferjetilskotsbeløp vert berekna med grunnlag i gjeldande kostnadsnøkkel for båt/ferje i inntektssystemet. (Med dagens inntektssystem utgjør kvart ferjesamband eit ferjetilskot på om lag 19,5 mill. kr. Dette beløpet må nedjusterast med berekna drifts- og vedlikeholdsbehov på nytt veganlegg.
- Ferjeavløysingsbeløpet vert overført til Tabell C og «fryst» i 40 år. Beløpet vert likevel prisjustert.
- Kva beløp som vert ferjeavløysingsbeløp framover er meir usikkert. Utrekninga av dette beløpet vil vere avhengig av utforminga av samferdslenøkkelen og tilhøyrande kriteriedata.



Ny samferdslenøkkel

- I kommuneproposisjonen for 2015 vart det signalisert at departementet ville kome attende med ny samferdslenøkkel i kommuneproposisjonen for 2016. Departementet erkjenner no at dei ikkje har noko betre nøkkel å legge fram, men seier dei kjem attende til dette i kommuneproposisjonen for 2017.

